



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Vanylven kommune

Tilsynsdato: 26.10.2017

Rapportdato: 22.11.2017

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	MERKNADER .....	7
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>8</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	16.08.2017 (formøte) 26.10.2017 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Rådhuset, 6143 FISKÅ
<b>Kommunenummer:</b>	1511
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Terje Kolstad
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Møgstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	16.11.2017
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	22.11.2017

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Vanylven kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2017.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Beredskapsoversyn	06.10.2017
2.	Heilskapleg ROS-analyse Vanylven kommune 2017 – 2021	Ikkje datert
3.	Overordna beredskapsplan	06.10.2017
4.	Plan for kriseleiing	06.10.2017
5.	Planstrategi 2016 – 2020	00.04.2017
6.	Kommuneplan til 2020 – Samfunnsdelen	31.03.2009
7.	Kommuneplan til 2020 – Arealdelen – tekstdel	29.08.2014
8.	Kommuneplan til 2020 – Arealdelen – Føresegner og retningslinjer	27.03.2014
9.	Evaluering øvingar 2016 – 2017	Ikkje datert
10.	Evaluering etter orkanen «Tor»	30.01.2016
11.	Evaluering etter Fårikål 2017	25.10.2017
12.	Plan for kriseleiing – revidert versjon	( mottatt etter tilsynsmøte) 07.11.2017

### 1.5 Gjennomføring

Formøte med Vanylven kommune vart gjennomført på video 16.08.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 26.10.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Lena Landsverk Sande	Ordførar	X	X	X	X
Andreas Nørve	Rådmann	X	X	X	X
Terje Kolstad	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Frode Ellingssund	Eigedomsforvaltar				X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har ei heilskapleg ROS-analyse frå 2017, og den oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. ROS-analysen gir eit godt bilete av utfordringane i Vanylven kommune. Det kunne gått tydelegare fram av analysen om relevante offentlege og private aktørar, som beredskapsrådet, har vore med i analysearbeidet. ROS analysen skal behandlast i kommunestyret i desember 2017.

Kommunen har på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Dette går fram i sjølv ROS-analysen. I gjeldande samfunnsdel (frå 2009) er det godt forankra at kommunen skal arbeide med samfunnstryggleik og beredskap. Når kommuneplanens samfunnsdel og arealdel no skal rullerast vert det viktig å ta med seg funna frå den nye heilskaplege ROS-analysen og forankre oppfølgingspunkt der.

Beredskapsplan er sist revidert i november 2017, og oppfyller alle krava i forskrifta.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øver og evaluerar hendingar og øvingar. I årshjulet som ligg i overordna beredskapsplan kjem det godt fram at kommunen har faste rutinar for møter i beredskapsrådet og aktivitet i kriseleiinga med fleire øvingar i eigen regi.

Potensialet for forbedring ligg i å samordne/rydde noko i Beredskapsoversyn, Overordna beredskapsplan og Plan for kriseleiing då dei overlappar noko i innhald. Plan for kriseleiing kan gjennom slik samordning og redigering bli meir operativ. Vi trur og det kan vere nyttig for kommunen å vurdere om varslingslister og ressursoversiktar kan vedlikehaldas i CIM. Det kan gi ein meirverdi ved å ta i bruk varslingsmodulen som ligg der ved behov for innkalling eller varsling frå kommunen.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Eitt forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

##### **Merknad nr. 1**

Kommunen bør:

- Redigere Overordna beredskapsplan og Plan for kriseleiing slik at dei på ein betre måte kan utfylle kvarandre.
- Vurdere å flytte varslingslister og ressursoversiktar til CIM.
- Beskrive/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Det bør gå tydeleg fram av alle planane kven som har ansvar for, og har gjennomført sist revisjon, j.fr § 6 i forskrifta. Dokumentoversikta over beredskapsplanverk som ligg i Beredskapsoversynet kan med fordel også beskrive dato for revidering for å ha oversikt over status på eige planverk.

#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Vanylven kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419.